

SENTRALBORD:

**53 48 21 30**

REDAKSJONEN:

**53 48 21 45**

VAKTTELEFON:

**53 48 21 31**

ANNONSER:

**53 48 21 35**

5.9.2017

**Valutakursar:**  
Dollar: 7,76 kroner.  
Euro 9,25 kroner.  
Britiske pund 10,04 kr  
Baht 23,29 kroner

**LME-pris aluminium:**  
2.096 dollar per tonn.

VÊRET

Onsdag startar med regn, men det blir lettare utover dagen. Torsdag blir det omvendt. Litt dalande temperatur.

SOL &amp; MÅNE

6. september:  
Sola opp kl. 6.44, i sør kl. 13.35, ned kl. 20.25. Dagen har minka 5 t 9 min. frå sommarsolsnu. Månen i sør kl. 1.23, ned kl. 6.34, opp kl. 20.43.

7. september:  
Sola opp kl. 6.46, i sør kl. 13.35, ned kl. 20.22. Dagen har minka 5 t 14 min. frå sommarsolsnu. Månen i sør kl. 2.12, ned kl. 7.55, opp kl. 21.00.

FLO OG FJØRE

6. september:  
Fjøre 5.49  
Flo 12.08  
Fjøre 18.01

7. september:  
Flo 0.19  
Fjøre 6.25  
Flo 12.42  
Fjøre 18.37

**KRAFTPRIS****for august**

39,2 øre/kWh

Forventa veke 36:

39,5 øre/kWh

Fastprisar.

Ingen tilbod pr. pt.  
Prisane er inkl. mva.  
Nettleige kjem i tillegg.
**KVINNHERAD ENERGI**


LIVSNYTING: Søstrene Mathilde (5) og Emilie (3) Vevik Røssland kosa seg med potetskruar i solskinet.

## Livet er best ute

**Dei kunne ikkje vore heldigare med vêret, Barnas turlag, då dei søndag arrangerte Kom deg ut-dagen på Valøya.**

ELISABETH BERG HASS  
elisabeth@kvinnheringen.no

Årleg arrangerer Barnas turlag to Kom deg ut-dagar, kvar første søndag i februar og kvar første søndag i september. Turmåla varierer frå gong til gong. Denne søndagen gjekk turen til vakre Valøya, som viste seg frå si vakraste side i den strålande september-sola. Rosendal speidergruppe hadde laga seg ein leir i skogkanten, og medlemane såg ut til å nyta livet maksimalt.

– Vi har overnatta her i natt, for vi hjelper til med arrangementet. Vi skal knyta litt knutar med dei som vil læra seg det. Og så har vi padla kajakk rundt øya for turlaget, fortalte Gunn Kleppe og speidargjengen medan dei koste seg med bålsvidd toast i leiren.

Rett ved leiren hadde dei sett opp ei slakk line, som ungar fekk prøva å balansera på. I vatnet padla store og små i kajakkar og kanoar, medan Kvinnherad undervannsklubb leita etter skattar på havbotnen. Kvinnherad bogejegerklubb arrangerte bogeskyting på blink og på gummidyr. Mange prøvde seg òg på naturstien. Og mange nyttar høvet til å grilla, då turlaget hadde fyrt på bålpanner og grillar. Andre syntest det var aller best med godteriet som dei fekk etter grillmaten.

– Vi har chips, vil du smaka? undra to sjarmtroll som koste seg i finvêret, søstrene Emilie (3) og Mathilde (5) Vevik Røssland.

Arrangørane var sjølvsagt strålande nøgde med rammene for dagen, og gledde seg over at stadig nye fjes dukka opp på området i løpet av søndagen.

– Vi har mange gode samarbeids-partnarar og mange frivillige som stiller opp og gjer Kom deg ut-dagen mogleg. Dei fortener alle stor takk, vi hadde ikkje klart dette utan dei, helstet Geir Arne Seglem i turlaget.



TREFFSIKKER: Anton Aarthun (10) treffte blinken gong på gong.



SPEIDARAR: Rosendal speidergruppe hadde slått leir i utkanten av arrangementet. Frå venstre: Emil Thunold Gausvik, Rune Kleppe, Gunn Kleppe, Magnus Enes, Martin Håvik Ljones og Erlend Øvsthus.